



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

Møteprotokoll

Møtedato: Møte nr. 1 / 2026 – Onsdag 4. februar 2026, kl 16.00

Møtestad: Sveio Soknehus

Følgjande medlemmer/vara var kalla inn:

Frå Sveio sokneråd:

Solfrid Lier Habbestad, Astrid Furdal, 1. vara Anne Gjelsvik Vierdal og 2. vara Sigrund Breistig

Frå Førde & Valestrand sokneråd:

Tor Helge Hardeland, Tove Maryann Bjørge Ottesen, 1. vara Jostein Valen og 2. vara Elisabeth Reiersen

Kommunal representant: Dagfinn Fagerland Bjørge

Prest: Eirik Aadland Tappel

Kyrkjeverje: Rita Holmedal

Fråfall vert å melda til kyrkjekontoret så snart som råd, slik at vara medlemmar kan bli kalla inn.

Vara for kommunal representant og vara for soknepresten får innkalling, men treng ikkje møta utan særskild melding.

Vara for kommunal representant: Ragnhild Elise Lysen og Ruth Grethe Østebøvik Eriksen

Vara for prest: Prost Arild Steinsland

Fråfall til dette møtet: Tove Maryann Bjørge Otten (sms), Elisabeth Reiersen (sms-arb), Anne Gjelsvik Vierdal (SM)

Tekst for dagen ved Eirik Aadland Tappel.

Saker som skal behandlast:

Godkjenningssaker.

01/2026 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 101225 - denne finn du på nettsida til Sveiokyrkja.no under Om oss og Fellesrådet.

Drøftings- og godkjenningssaker.

02/2026 Rekneskap 2025.

03.2026 Budsjett 2026 - ramme godkjent.

04/2026 Ny Straumavtale med Fjordkraft gjennom medlemsskapet vårt i Knif? Sjå vedlegg 1.

05/2026 Signaturrett for Dagleg leiar og Styreleiar kvar for seg. Sjå vedlegg 2.

06/2026 Oppseiing frå Fagarbeidar kyrkjebygg og gravplassar – ny utlysing, og nedsetjing av intervju- og tilsetjingsutval,

Orienteringssaker.**07/2026.**

- A. Staben vår.
- B. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.
- C. Rehabilitering av tak i Sveio kyrkje – finansiering, status og framdriftsplan.
- D. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar – status og framdriftsplan for oppfølging.
- E. NY 130525: Varmestyring Valestrand kyrkje,
- F. NY 030925: Vedlikehald Valen kapell.
- G. NY 030925: Universell tilgang til kyrkjer og kapell, samt til scenane i Sveio og Valestrand kyrkje.
- H. NY 101225: Søknad om støtte til unge ferievikarar frå DNK er søkt om – frist 151225.
- I. NY 040226: Kontorsituasjonen med manglande kontor på kyrkjekontoret.
- J. NY 040226: Lys til parkeringsplass ved kyrkjekontoret og ved Valestrand kyrkje.
- K. NY 040226: Ny arbeidsbil til kyrkja.
- L. NY 040226: Jobbe med å få på plass TV og VOB i STABEN.

Neste møte 04.03.26, kl 16.00 – kjente saker.

- Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 040226.
- Endeleg godkjenning av Rekneskapen for Sveio kyrkjelege Fellesråd 2025.
- Endeleg godkjenning av Budsjett 2026.
- Ny Straumavtale med Fjordkraft gjennom medlemsskapet vårt i Knif? Sjå vedlegg 1- ny runde.

AU-møte i forkant av dette FR-møtet går ut.**Sveio 28.01.2026****Solfrid Lier Habbestad (sign)**
Leiar Fellesrådet**Rita Holmedal (sign)**
Kyrkjeverje**GODKJENNINGSSAKER.**

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
26.02.04	01/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 01/2026 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 101225.

Innkalling godkjent med ei tilleggssak vedkomande Besøkstenesta, meldt av Sigrund Breistig.

Møteprotokollen frå 101225 godkjent utan merknader, signert av Tor Helge Hardeland og Sigrund Breistig.

DRØFTINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
26.02.04	02/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 02/2026 Rekneskap 2025

Dokument i saka:

Kyrkjeverja presenterte oversikt i møtet.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 040226:

Framlagt Rekneskapsoversikt for 2025.

Behandling i møte 040226:

Kyrkjeverja presentere rekneskapen for 2025 – den gir eit mindreforbruk (overskot) på vel 1.2 mill. Hovudårsaka er fleire vakante stillingar første halvår, samt tilskot til Diakoni som ikkje er nytta fullt. Festeavgiftene bidrar 'og positivt.

Kyrkjeverja førebur likevel møtet på at 2026 blir eit meir utfordrande år – med fulltalig STAB. Vi har då første året i mi tid som Kyrkjeverje med fulltalig STAB.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 040226:

Rekneskap for Sveio Kyrkjelege Fellesråd for 2025 vert tatt til orientering. Endeleg godkjenning vert når den offisielle rekneskapen er klar.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040226:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
26.02.04	03/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

03/2026 Budsjett 2026 – ramme godkjent.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 040226:

Budsjettet vart førebels godkjent i møtet 101225. Dette under forutsetning av at Kommunestyret ikkje gjorde endringar i sitt møte i desember.

Kyrkjevevja ønskjer ein ny kontroll av lønnskostnadene før ei endeleg godkjenning vert gitt, og ønskjer dermed at FR-møtet som er planlagt til 08.04 kan flyttast til planlagt AU-møte dato 11.03, og vidare at AU-møtet i forkant av dette møtet går ut.

Vi har eir bra grunnlag med lønnsutbetalinga i januar, og det er viktig at vi treffe best muleg her – då det er desse kostnadene som utgjer den største skilnaden frå 2025 til 2026.

Behandling i møte 040226:

Møtet støtta Kyrkjevevja sitt forslag, men ville gjerne flytta møtet til 04.03.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 040226:

Endeleg godkjenning av Budsjettet for 2026 vert utsett til nytt møte i FR - tidfesta til onsdag 04.03, kl 16.00 i Soknehuset.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040226:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
26.02.04	04/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

04/2026 Ny Straumavtale med Fjordkraft gjennom medlemskapet vårt i Knif?

Dokument i saka:

Vedlagt kostnads- og innsparingsoversikt, vedlegg 1/2026.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 040226:

Framlagt kostnads- og innsparingsoversikt.

Behandling i møte 040226:

Møtet oppfatta innsparinga i tilbodet i høve til dagen straumkostnad som uvesentleg i høve til den totale straumkostnaden, og ville gjerne at Kyrkjevevja skulle formidla dette tilbake og be om eit muleg betre tilbod.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 040226:

Kyrkjevevja tar ein ny runde med tilbydar, og saka kjem opp til ny vurdering i neste møte 04.03.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040226:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
26.02.04	05/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

05/2026 Signaturrett for styreleiar og dagleg leiar kvar for seg.

Dokument i saka:

Info om signaturrett, vedlegg 2/2026.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 040226:

Sveio kyrkjelege fellesråd manglar signaturrett for rådet – dette skapar utfordringar når vi skal søkja om td fakturakreditt, som gjer det muleg for oss å handla på faktura. Gjer merksam på at vi pr dato heller ikkje har kredittkort. Dette til saman betyr ofte at tilsette må leggje ut, og få refundert i ettertid. Det er ikkje ein ønskeleg situasjon.

Kyrkjevevja sitt forslag er at signaturrett vert gitt til Dagleg leiar og Styreleiar kvar for seg – det vil gjera oss operative sjølv ved fråvær.

Behandling i møte 040226:

Møtet støtta Kyrkjevevja sitt forslag.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 040226:

Signaturrett vert gitt Dagleg leiar og Styreleiar kvar for seg.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040226:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak, som vert meldt vidare via Samordna registermelding til Brønnøysundregistra.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
26.02.04	06/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

06/2026 Oppseiing frå Fagarbeidar kyrkjebygg og gravplassar – ny utlysing.

Dokument i saka:

Kyrkjevevja presenterte saka i møtet.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 040226:

Vi må ut med ny utlysing – søknadsfrist? Det må vidare setjast ned eit intervju- og tilsetjingsutval.

Behandling i møte 040226:

Det var innspel om å auka stillinga frå 60 til 80%, innspelt av Dagfinn Bjørge. Kyrkjevevja viste til eit stramt Budsjett for 2026, og meinte det var uklokt å ta stilling til dette før vi veit korleis vi kjem ut med Budsjettet – behovet må 'og vurderast – ikkje berre at det kanskje vert enklare å få tak i personell i ei 80% stilling enn i ei 60% stilling.

Kyrkjevevja hadde ønske om å få lyst ut denne stillinga snarast, og kom med forslag om at den vert lyst ut som ei 60% stilling som kan bli auka.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 040226:

Ei eventuell %-auke i denne stillinga vert utsett til etter at vi har oversikt over Budsjettet for 2026. Møtet støtta elles forslaget om ei utlysing no med 60% som kan bli auka. Dette for å nytta tida vi har fram mot at oppseiinga trer i kraft 01.03. Søknadsfrist vert sett etter neste møte i FR 04.03.

Intervjuutvalet vert sett saman slik - ut frå tidlegare praksis:

Kyrkjevevja leiar intervjuprosessen, nestleiar i Fellesrådet Tor Helge Hardeland og arbeidsleiar på gravplassane Hilde Ekornsæter bistår. Sistnemnde er vurdert ut frå si rolle som arbeidsleiar og med grunnleggjande kjennskap til aktivitetane stillinga skal inneha.

Tilsetjingsprosessen.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak vedkomande tilsetjing, er at intervjuutvalet innstiller og tilset ny Fagarbeidar for kyrkjebygg og gravplassar.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040226:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
26.02.04	07/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

07/2026 Spørsmål vedkomande Besøkstenesta.

Dokument i saka:

Sigrund Breistig presenterte saka i møtet.

Sigrund sitt framlegg til drøfting 040226:

Det er ønskjeleg å kjøpa og setja opp ein roll-up med info om Besøkstenesta i inngangspartiet til Soknehuset – er det i orden? Elles eigen fane på nettsida om Besøkstenesta – gjerne same info som kommunen har lagt ut. Er det vidare muleg å få rullerande INFO på skjermen vi har i inngangspartiet – det kan omfatte fleire aktivitetar?

Behandling i møte 040226:

Møtet stilte seg positiv til det som vart tatt opp, og ga klarsignal for roll-up-en. Kyrkjevevja ordnar med nettsida, og sjekka om det er muleg å få skjermen i inngangspartiet til å fungera.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 040226:

Roll-up kan setjast opp som etterspurt, og Kyrkjevevja ordnar med nettsida, og sjekka om det er muleg å få skjermen i inngangspartiet til å fungera.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040226:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

ORIENTERINSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
26.02.04	08/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

A. Staben vår og aktivitetar.

Alle vakante stillingar fylte pr 101125, men vi har no mottatt oppseiing frå Fagarbeidar kyrkjebygg og gravplassar – vedkomande har sin siste arbeidsdag hos oss 280226, og vi vil innan kort tid lysa ut stillinga på nytt.

B. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.

040624: Arbeidet her er planlagt med eigne ressursar og noko dugnadshjelp, og vil bli jobba med haust/ vinter 2024/ 2025 og 2025/2026..

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for det vidare arbeidet med sakristia inntil dei er ferdig stilte. Planleggingsarbeidet er starta og prestesakristiet vert prioritert sidan det vert mest brukt. Vi vurderer 'og opp-pussing av det som vert nytta som dåpssakristi i dag - etter at dei to sakristia vi no jobbe med er ferdige.

Status 031224: God framdrift i prestesakristiet – gammal tapet og el kablar er fjerna, og maling av lister godt i gang.

Status 040225: Ny tapet på plass og klar for maling – eit mål om å ha prestesakristiet klart til innsetjing av ny sokneprest 090225.

Status 250325: Prestesakristiet vart ferdig stilt til innsetjing av ny sokneprest 090225.

Arbeidet med noverande dåpssakristi/ kjøkken er under planlegging og blir prioritert framfor det andre sakristiet som for tida vert nytta til el installasjonar og noko lager.

Status 221025: Arbeidet vil start opp att straks ein er ferdig med plenklippinga på gravplassane. Solfrid Lier Habbestad søkerGjenbruksløa om midlar til nytt kjøkken.

Status 101225: Kostnadsoverslag under arbeid – vil bli sendt Løa straks over nytt år – bestillinga vert effektivert straks midlar er mottatt – gjeld nytt kjøkken og nye møblar til dåpssakristiet (kjøkkenet) , samt barnemøblar til kyrkjerommet. Maling av rommet og nytt golv vert effektivert av utegruppa – dei vil 'og montera nye skap og møblar når dei er på plass. Det vert vurdert ulike varmeelement – pris blir henta inn.

Status 040226: Søknaden om støtte frå Løa er godkjend, og tilskotet vil dekkja nytt kjøkken og møblar – omfatte og møblar til leikekrok i kyrkjerommet. Arbeidet er starta.

Rehabilitering av tak i Sveio kyrkja – kostnadsestimat, finansiering, status og framdriftsplan.

Status 291024: Det var synfaring med prosjektleiar Andreas Ekrheim, kulturkonsulent i kommunen Ellen Tveit, arkitekt og bygningsvernrådsgjevar ved Sunnhordland Museum, Kathrine Norum 24.09. Målet var å få oversikt over arbeidet som skulle gjerast, og som kunne resultera i ein rapport som skulle leggja grunnlag for ein søknad til Kyrkjebevaringsfondet – der fristen for å søkja om midlar for 2025 er 04.11. Prosjektleiar har i ettertid utarbeida grunnlagsrapport og kostnadsramme på 2,7 mill for prosjektet, og Kyrkjeverja vil innan fristen søkja om midlar frå fondet dokumentert i utarbeida rapport og kostnadsramme.

Status 031224: Søknaden vart sendt innan fristen – meir dokumentasjon er etterspurt og prosjektleiar i kommunen og Kyrkjeverja følgjer opp.

Status 250325: Ny oppdatert søknad vert sendt i løpet av hausten.

Status 221025: Frist for å senda inn ny oppdatert søknad er 031125. Prosjektleiar i kommunen har ansvar for oppfølging av dette prosjektet.

Status 101225: Søknaden vert utsett til 2026 – dette fordi vi berre har 3 år på å ferdigstilla prosjektet frå midlane vert tildelt og kommunen har først løyvt midlar til dette i 2028.

C. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar.

040624: Viser tilsynsrapport for Sveio kyrkja som var vedlagt innkallinga til møtet.

Tilbakemelding med framdriftsplan vart sendt Tilsynet HBR innan fristen 150624.

Framdriftsplanen legg opp til at vi skal ha korrigert for påpeika avvik i løpet av hausten.

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for den vidare prosessen med frist 31.12.

Status 031224: Første møtet i prosjektgruppa blir halde 051224 – oversikt og framdriftsplan.

Status 221025/ 101225/ 040226: Under arbeid.

D. NY 040225/Solfrid: Referat/Møteprotokollar frå FR-møta er etterspurde på Heimesida til kyrkja, og blir lagt ut så snart som muleg.

Status 030925: Referat frå både FR og SR-møta vert no lagt ut løpande på nettsida vår – under fana «Om oss» og dei ulike råda.

E. NY 130525: Nytt varmestyringssystem i Valestrand kyrkje.

Finansiert med investeringsmidlar frå kommunen og tilskot frå ENOVA – oppstartmøte halde 070525 – framdriftsplan tilseier at dette skal vera på plass i desember 2025.

Status 221025: Ifølge prosjektleiar i kommunen vil det bli søkt om energitilskot til dette prosjektet. Søknadsfrist 211125. Dersom midlar vert tildelt er planen å fullføra prosjektet i løpet av 1. kvartal 2026.

Status 040226: Ifølge prosjektleiar i kommunen Andreas Ekrheim, ligg søknaden hos ENOVA.

F. NY 030925: Ny Rammeavtale elektrikar – opsjon på kommunen sin avtale – iverksett.

Framover vil dermed Frøvik Elektro AS vera kyrkja sin kontakt innan elektrikartenester.

G. NY 030925: Ny skulelev frå 10. klasse utplassert i arbeidstrening heile skuleåret 2025/2026.

H. NY 030925: Vedlikehald Valen kapell.

I. Status 221025: Førebels utbetra skader etter stormen Amy. Det vil elles bli utbetra roteskader i og kring vindaugo. Andre ting må søkjast Riksantikvaren om - då kapellet er verna/ listeført.

J. Status 101225/ 040226: Uendra frå 221025.

K. NY 030925: Universell tilgang til kyrkjer og kapell, samt til koret/Scenen i Sveio og Valestrand kyrkje. Dette er eit innspel frå Biskopen under Bispevisitasen hausten 2024.

Status 221025/ 101225/ 040226: Arbeid ikkje starta.

L. NY 101225: Søknad om støtte til unge ferievikarar frå DNK er søkt om – frist 151225. Vi kan få inntil kr 25 000 i støtte.

Status 040226: Vi fekk avslag på søknad for 2026.

M. NY 040226: Kontorsituasjonen med manglande kontor på kyrkjekontoret. Saka er meldt i budsjettframlegget vårt til kommunen for 2026.

Status 040226: Kommunen er purra på saka i januar - vi avvente tilbakemelding.

N. NY 040226: Lys til parkeringsplass ved kyrkjekontoret – kostnadsoverslag, og ved Valestrand kyrkje. Saka er meldt i budsjettframlegget vårt til kommunen for 2026.

Status 040226: Vi har mottatt eit estimert kostnadsoverslag på kr 70 000 frå prosjektleiar Andreas Ekrheim i kommunen, og fordi dette er ein kostnad under 100' kan det ikkje reknast som investering, og må dermed gå over vedlikehaldsbudsjettet – saka må då takast vidare med Frederik A Flood i kommunen, og Kyrkjevevja tar den vidare med han. Møtet hadde elles ønske om at Tor Helge Hardeland gjorde ei vurdering på om det kan setjast opp ein lyskastar som eit rimelegare alternativ til lysmastene på parkeringsplassen ved kyrkjekontoret - han kjem tilbake på det og på pris.

O. NY 040226: Ny arbeidsbil til kyrkja. Dette er ein bli som vert kjøpt inn over kommunen sitt investeringsbudsjett.

Status 040226: Bilen er i bestilling, og har ei leveringstid på 6-8 veker – det er ein Renault Master e-tech med firehjulsdrift, som kan dra inntil 2500 kg og som dekke behovet ifølge utegruppa.

NY 040226: Jobbe med å få på plass TV og VOB i STABEN. Det er frå Kyrkjevevja si side svært ønskeleg å få dette til, men det har vore vanskeleg å få nokon til å ta på seg verva. Kyrkjevevja jobbe vidare med saka.

Møteplan for 2026.

Møteplan vår 2026.

AU-møte: 28.01, (18.03 går ut) og 13.05

FR-møte: 04.02, 04.03 (endra frå 08.04) og 20.05

Møteplan haust 2026.

AU-møte: 26.08, 14.10, 02.12

FR-møte: 02.09, 21.10 og 09.12